

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Fretheim Hotell, Flåm
Dato: 30.11.2017
Tidspunkt: 10:00 – 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Rapport frå gjennomførte tiltak i 2017 vert lagt fram på møte av verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes.
SNO - Kristoffer Ullern Hansen legg fram rapport frå oppsynet i 2017 i møte.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 35/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 37/17	Referatsaker		
RS 20/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - masterplan for reiselivet i Sogn		2017/3359
RS 21/17	Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017		2013/3025
RS 22/17	Informasjon til om besøkstal og infrastruktur på Bakka		2013/3025
RS 23/17	Møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.		2013/3387
RS 24/17	Oppsummering frå arbeidsmøte 30.10.2017 om tiltaksplan for kulturlandskapet		2017/3815
RS 25/17	Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen		2015/3985
RS 26/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - områdereguleringsplan - Mjølfjell - Brandset SØF - plan til offentleg ettersyn		2017/3832
RS 27/17	Rapport Øvste Stegen, søknad om vindauge		2015/3832
RS 28/17	Nærøyfjorden Verdsarvpark - framlegg til handlingsplan 2018		2013/4383
ST 38/17	Delegerte saker		
DS 15/17	Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - dispensasjon til flyging med helikopter		2017/3010
DS 16/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til bruk av helikopter langs linjenettet til Aurland Energiverk AS		2017/3424
ST 39/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - gjenoppføring av tilbygg på stølshuset på Åsen		2017/3398
ST 40/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - ombygging av stølshuset på Fristølen		2016/3005
ST 41/17	Nærøyfjorden verneområdestyre - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tjenester av SNO		2017/3854
ST 42/17	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styre 2018		2014/45

ST 35/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 36/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 37/17 Referatsaker

RS 20/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - masterplan for reiselivet i Sogn

RS 21/17 Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017

RS 22/17 Informasjon til om besøkstal og infrastruktur på Bakka

RS 23/17 Møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

RS 24/17 Oppsummering frå arbeidsmøte 30.10.2017 om tiltaksplan for kulturlandskapet

RS 25/17 Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen

RS 26/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - områdereguleringsplan - Mjølfjell - Brandset SØF - plan til offentlig ettersyn

RS 27/17 Rapport Øvste Stegen, søknad om vindauge

RS 28/17 Nærøyfjorden Verdsarvpark - framlegg til handlingsplan 2018

ST 38/17 Delegerte saker

DS 15/17 Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - dispensasjon til flyging med helikopter

DS 16/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til bruk av helikopter langs linjenettet til Aurland Energiverk AS



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	39/17	30.11.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - gjenoppføring av tilbygg på stølshuset på Åsen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Hege Strømme og Dee Cunningham løyve til gjenoppføring av tilbygg på stølshuset på Åsen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 b). Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Tilbygget skal ha tilsvarande utforming og mål som det gamle tilbygget. Tilbygget skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Bygget kan setjast opp som eit inngangsparti utan vegg på vestsida.
- Taket skal tekkast med tradisjonelle bølgeblekkplater.
- Dersom det er planlagt anna arbeid utover vanleg vedlikehaldsarbeid, må det sendast søknad om dette til Nærøyfjorden verneområdestyre.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Hege Strømme og Dee Cunningham om oppsetting av tilbygg på stølshuset på Åsen, datert 26.09.2017

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Stølen Åsen høyrer til gardsbruka på Stigen i Aurlandsfjorden. Hege Strømme og Dee Cunningham eig eine stølshuset. Tilbygget på stølshuset vart fjerna i 2001 på grunn av at det hadde delvis rast saman. Dei tolka verneforskrifta slik at det ikkje var søknadspliktig å sette



opp att eit nytt tilbygg, og sette opp tilbygget sommaren 2017. Etter å snakka med forvaltar, har dei i ettertid sendt inn søknad om å få sette opp tilbygget. Tilbygget har same mål som grunnflata på det gamle tilbygget, 260 cm x 175 cm. Høgda er den same som det gamle tilbygget, men taket er litt brattare og det har større utstikk enn taket på det gamle tilbygget. Tilbygget er sett opp som eit inngangsparti og har ikkje vegg på vestsida av bygget.

Stølshuset vert nytta i samband med skjøtsel i området og tilsyn av beitedyr. Dei hadde bruk for inngangspartiet til lagring av arbeidsklede og sko, og til verktøy og reiskap.



Foto av stølshuset på Åsen. Bilde til venstre viser stølshuset på slutten av 1960-talet. Bilde til høgre viser stølshuset i 2017. Begge foto er kopi frå søknaden.

Lovgrunlaget

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg er søknadspiktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). «Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

Stølslandskapa med bygningar og stølsvollar er viktige verneverdiar i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er ein del av verneføremålet. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er det peika på at stølsdrifta har vore avgjerande for levemåten på gardane i tidlegare tider. Stølsdrifta har vore med å forme landskapet. På Åsen er det ikkje ført opp nye bygningar eller gjort andre inngrep i nyare tid. Dei to stølshusa på Åsen er i stor grad bevart. Tilbygget er ført opp med same mål som det gamle tilbygget, men har større takutstikk og er utan vegg på vestsida. Tilbygget er sett opp etter tradisjonell byggemetode på staden, og er godt tilpassa stølshuset.

Eigarane av stølshuset på Åsen hadde lest og forstått verneforskrifta slik at gjenoppføring av tilbygget som hadde stått der tidlegare var vedlikehaldsarbeid og ikkje søknadspåklig tiltak. Forvaltningspraksis for tolking av verneforskrifta tilseier at når eit bygg er rast saman eller rive, vil gjenoppføring av bygget vera søknadspåklig. Forvaltar meiner søkjar i dette tilfellet handla i god tru, og at saka bør vurderast som søknad sjølv om tiltaket er gjennomført.

Stølsvollen på Åsen er rydda, og dei har sauer på beite i området. Tilbygget skal brukast i samband med landbruksdrifta på Stigen, og har nytteverdi i landbruket. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden og skjøtselsplan for Stigen. Det er ingen kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar på Åsen (Naturbase 02.01.2017). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka. Føre-var-prinsippet i nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. Tiltaket gjev ikkje nye inngrep i landskapet då dette er oppattføring av eit tilbygg som stod der tidlegare. Gardane på Stigen med tilhøyrande stølar, ligg i eit område med høgt besøkstal. Stien til utsiktspunktet Beitelen går gjennom stølen Åsen. Eit velstelt kulturlandskap med bygningar gjev ein auka opplevingsverdi for turgåarar. I tillegg har stølande med aktiv beitebruk og bygningar stor kulturhistorisk verdi. Bygningane og landskapet kan fortelja mykje om tidlegare tiders bruk av desse områda. Forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaket som liten, og at tiltaket er positivt for opplevinga av landskapet.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka då det er lite sannsynleg at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane.

Forvaltar vurderer arbeidsmetoden som er nytta som miljøforsvarleg jf. nml. § 12 til dette føremålet. Det er nytta materiale som var att frå tidlegare vedlikehaldsarbeid på stølshuset. Bygget er sett opp med same mål som det gamle tilbygget, men med små endringar på takvinkel og kledning.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til tilbygget på stølshuset på Åsen.



Arkivsaksnr: 2016/3005-0
Saksbehandler: Anbjørg Nornes
Dato: 10.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	40/17	30.11.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - ombygging av stølshuset på Fristølen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner at planane for restaurering av stølshuset på Fristølen vert endra frå restaurering til ombygging av stølshuset. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c). Endringsløyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Attstående arbeid skal gjennomførast etter tradisjonell byggeskikk på staden, og i tråd med godkjente planar i sak 5/17. Dette vil sei at arbeidet skal utførast slik at storleik, høgde og materialtype er likt som på det gamle tilbygget. Materiale som ikkje kan nyttast opp att kan bytast ut, men skal ha same dimensjonar som den gamle materialen. Godkjent takvinkel på tilbygget er 12 grader.
- Bygningsrestar og utstyr som ikkje skal lagrast i stølshuset, skal transporterast ut av landskapsvernområdet straks utvending byggearbeid er slutført.
- SNO kan gjennomføra kontroll av arbeidet undervegs.
- Før byggearbeidet kan avsluttast, skal verneområdeforvaltar gjennomføra sluttsynfaring saman med tiltakshavar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bjarne Klette om restaurering av stølshuset på Fristølen, 17.08.2016 og 30.11.2016
- Vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 5/17, 11.01.2017
- Rapport frå arbeid på bygget på Fristølen, 10.07.2017. Rapport frå Bjarne Klette

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Nærøyfjorden verneområdestyre behandla søknad om restaurering av stølshus på Fristølen i sak 5/17, 11.01.2017. Det vart gjort fylgjande vedtak:

«Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjarne Klette løyve til ta ned og sette opp att stølshuset på gnr. 53 bnr. 3 på Fristølen i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan gravast dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å leia vatn vekk frå muren. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- *Restaureringsarbeidet skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Opphavleg materilale skal takast vare på og nyttast opp att så langt som mogleg. Taket skal tekkast med torv eller tradisjonelle bølgeblekkplater. På taket på tilbygget kan det nyttast tradisjonelle bølgeblekkplater eller tretak.*
- *Det kan setjast inn eit ekstra vindauge på nordaustveggen på bygget i tømmerkassa, og eit vindauge i tilbygget i nordaustveggen. Nye vindauge og dører skal ha same utforming som dei opphavlege vindauga i bygget.*
- *Dreneringsgrøft skal avgrensast til det som er naudsynt for å leia vatn vekk frå grunnmuren. Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking av dreneringsgrøft.*
- *Torv til takteking kan hentast frå terrenget i nærleiken av stølen.*
- *Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdere om eventuelle endringar krev ny godkjenning.*
- *Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.*
- *Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.»*

Verneområdeforvaltar var på synfaring på byggearbeidet på Fristølen 28. juni i år. På synfaringa påpeika forvaltar at byggearbeidet ikkje var utført i samsvar med vedtaket. Bjarne Klette sendte inn rapport frå arbeidet med forklaring på endringane som var utført, datert 10.07.2017. Endringane med forklaring i rapporten:

- *Sett opp eit enkelt reiskapshus/WC til bruk under bygginga. Bygget er på 1,8 m x 1,8 m. Bygget skal sikre trygg lagring av verktøy og bygningsmateriell under restaureringsarbeid.*
- *Murane som delvis var rast saman måtte takast heilt ned og murast opp att på nytt. Skjerdal Landskapspleie har utført dette arbeidet med gravemaskin.*
- *Rundt tømmerkassa er det brukt utføring med 1,5 tommer x 6 tommer. Det er føra på utsida av knutane på tømmerkassa for å stabilisera tømmerkassa. Tilrådd dimensjon på lektene var 2 tommer x 4 tommer.*
- *Takutstikket på stølshuset er utvida med 30 cm. Utstikket vert ca. 25 cm etter lekter og kledning er sett opp.*
- *Det er sett inn limtredragar i taket for å kunne bære vekta av torvtaket. Bygget er heva med 20 cm.*
- *Det er planar om 10 cm. Isolasjon i bygget.*
- *Utvendig kledning som var i bra stand er tatt vare på, og er delvis brukt opp att.*
- *Tiltakshavar skriv i rapporten: «Vi ønsker å tilbakestille Fristølen til slik den var opprinnelig, men med de nødvendige endringer som må til, fordi opprinnelige fundament/materialer ikke er egnet for å brukes opp igjen. Dette stedet skal brukes, og det må også vurderes å gjøre noen brukervennlige tilpasninger».*



Bilda under viser deltaljar frå byggearbeidet. Alle foto er frå rapporten om arbeidet på Fristølen, 10.07.2017 – Bjarne Klette.



Sogn og Fjordane fylkeskommune gav tilsegn om tilskot til istandsetting av stølshuset på Fristølen, sak 22/17, 07.03.2017. Verneområdeforvaltar har sendt over til Fylkeskommunen rapporten frå tiltakshavar, og bilde tatt på synfaringa i juni. På bakgrunn av rapporten som er lagt fram om endringar på bygget, har Fylkeskommunen sendt brev til tiltakshavar med kommentar til arbeidet, brev datert 18.10.2017. I brevet uttalar Fylkeskommunen at fleire av tiltaka ikkje er utført i samsvar med vilkåra for tildeling av tilskot. Fylkeskommunen har vurdert at *«ei konsekvens av dette er at bygningen sitt opphavlege utsjånad er blitt endra og den framstår ikkje lenger som eit stølshus med høg grad av autentisitet»*. Fylkeskommunen vurderer at vilkåra for tildeling av tilskot er delvis brotne.

Nærøfjorden verneområdestyre var på synfaring på Fristølen 5. september. Dei hadde fått framlagt rapporten frå tiltakshavar før synfaringa. Verneområdestyre bad forvaltar legge saka fram til ny behandling i verneområdestyret (Møteprotokoll 04.09 og 05.09.2017, RS 14/17).

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn



på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg er søknadspliktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).
«Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Løyve til restaurering av stølshuset på Fristølen vart vurdert etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12 i sak 5/17 i Nærøyfjorden verneområdestyre. Forvaltar legg desse vurderingane til grunn i behandlinga av søknad om å godkjenna endringar i byggearbeidet.

I søknadsprosessen for istandsetting av stølshuset på Fristølen vart planane for arbeidet drøfta med nærings- og kulturavdelinga hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter innspel frå fylkeskommunen, tilpassa tiltakshavar byggeplanane til å verta ei istandsetting av bygget, og gjekk bort frå fyrste planane om eit nybygg. Nærøyfjorden verneområdestyre godkjente planane for restaurering av stølshuset på Fristølen i sak 5/17. Det vart sett vilkår om at restaureringsarbeidet ikkje skulle føra til vesentlege endringar på fasaden på bygget, og materiale skulle nyttast opp att så langt som mogleg.

Murane er sett i stand i tråd med løyvet, og sikrar at stølshuset står på god grunnmur. Kledningen som kan nyttast opp att er tatt vare på, og skal nyttast oppatt som utvendig kledning. Det er positivt at mykje av kledningen er vurdert å kunne nyttast opp att.

I verneforskrifta står det at byggearbeid skal vera tilpassa tradisjonell byggeskikk. I dette byggearbeidet er dette ikkje fylgt når det gjeld dimensjonar på lektene og takbjelken. Det er brukt større dimensjonar på lektene enn det som er vanleg for å kle tømmerkassa. Dette har ført til at bygget har vorte breiare enn det var opphavleg. Taket er heva ved å legge opp ein ny dragar, og takvinkel er endra for å få høgare og breiare vegger enn opphavleg bygg. Fylkeskommunen har i sitt brev påpeika at det burde vore vurdert eit lettare tak dersom tømmerkonstruksjonen var i så dårleg teknisk stand at den ikkje kunne ha berefningsfunksjon for nytt torvtak.

Forvaltar meiner endringane som er utført har ført til vesentlege endringar på det opphavlege bygget. Ein av grunnane er at lokal tradisjonell byggeskikk for stølshus i området ikkje er fylgt. Ved at det er nytta byggekonstruksjonar for nye bygg etter byggeteknisk standard, har det gjeve bygget ei anna utforming, sjølv om utvendig kledning vert nytta opp att. Saka kan gje uheldig presedens for andre restaureringsprosjekt. I prinsippet burde ikkje saka godkjennast då byggearbeidet er endra frå restaurering til ombygging. For seinare saker vil det vera svært viktig at det kjem tydleg fram i vedtaket kva som meinast med tradisjonell byggeskikk for staden. I tillegg må det vera med i vedtaket målbare tal på dimensjonar som høgde, breidde og takvinkel. I vilkåra i løyvet frå verneområdestyret er det dessverre ikkje sett tal for kva som er vesentlege endringar på fasaden på bygget. Med manglande presiseringar er det vanskelegare å krevje retting av tiltaket. I tillegg vil det vera vanskeleg å rette opp att skadane som er påført tømmerkassa, og kostnadane med retting kan verta



urimeleg store. Forvaltar rår difor til at løyvet vert endra frå å vera eit løyve til restaureringsarbeid, til løyve til ombygging av stølshuset. Det bør likevel setjast krav om at resten av arbeidet skal utførast i tråd med planane som var godkjent av verneområdestyret i sak 5/17.

Bygningane er ein vesentleg del av kulturlandskapet på stølane. Dei kulturhistoriske verdiane kan gå tapt dersom det vert store endringar på bygga i landskapet. På bakgrunn av erfaringane i denne saka, bør verneområdestyret ta opp til vurdering kva arbeidsmetodar som kan nyttast ved istandsetting av bygningar i verneområda. Ved bruk av gravemaskin og nyare byggemetodar, viser det seg at arbeidet ofte vert meir omfattande og gjerne utvida i forhold til det som var den tradisjonelle byggemetoden på staden. Vilkår i løyve bør vera meir spesifikke, og forklara kva som ligg i tradisjonell byggeskikk på staden. I tillegg bør byggearbeid ha tettare oppfølging og kontroll.

Midlertidig reiskapshus

Midlertidig reiskapshuset er sett opp utan løyve frå verneområdestyret. Oppføring av bygningar i verneområdet er søknadspliktig jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.1 a). Oppføring av reiskapshus må vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Verneområdestyret kan gje pålegg om retting av tiltak som er i strid med verneforskrifta. Forvaltar rår styret til å senda førehandsvarsel om retting jf. naturmangfaldlova § 69 om retting og avbøtande tiltak.



Arkivsaksnr: 2017/3854-0
Saksbehandler: Anbjørg Nornes
Dato: 15.11.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	41/17	30.11.2017

Nærøyfjorden verneområdestyre - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tenester av SNO

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting i møte.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer. Innmelding og behov for tiltaksmidlar og bestilling av tenester av SNO – 2017. Miljødirektoratet 10.11.2017
- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Rapport frå SNO om utført arbeid i 2017

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal sammen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Det skal vera årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Nærøyfjorden og tilhøyrande skjøtelsesplanar. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Nærøyfjorden, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka er lagt fram med bakgrunn i skjøtelsesplanar, forvaltningsplan for Nærøyfjorden, evaluering av gjennomførte tiltak i 2017, og vurderinga av nye tiltak.

Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO, og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2018 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneformålet.



Tiltaka kan vera informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltaka. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponera og prioritera kven som skal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2018.

Vurdering

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2018 på bakgrunn av tiltaksplan føregåande år. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2017, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioriterer tiltaka.

Miljødirektoratet har gjeve føringar for arbeid i 2018. For aktiviteten i verneområde i Nærøfjorden vil fylgjande føringar vera aktuelle kommande år:

Besøksstrategi

Alle verneområde skal ha levert ein besøksstrategi innan 2020. Arbeidet er starta opp med kunnskapsinnhenting av natur- og kulturverdiar. Det er gjennomført gjesteundersøking i regi av verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, og det er gjennomført sårbarheitsanalyse i nokon av område med høgt besøkstal, og i område med forventta auka ferdsel.

Besøksstrategiarbeidet vert samkøyrte med besøksforvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, og det har vore møte med Visit Sognefjord i samband med oppstart av Masterplan for reiselivet i Sogn. I dei ulike planprosessane kan det koma innspel på nye turmål i verneområde, og trong for fleire sårbarheitsanalysar.

Kartlegging og overvåking

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av bruk av tiltaksmidlar i verneområda. *«Det overordna målet er at tiltaksmidlane skal brukast slik at naturtilstanden i verneområdene bedres»*. For Nærøfjorden er det særleg skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak som er aktuelle. Pågåande skjøtselsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2.

I Nærøfjorden er det skjøtselsplanar for prioritere kulturlandskapsområde. Det er trong for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane i desse område. I tiltaksplanen er desse områda sett øvst på prioriteringslista.

For besøksforvaltningstiltak har ferdigstilling av prosjekt som er starta opp og som er naudsynte for å ivareta verneføremålet prioritet 1. Tiltak som er lagt inn i besøksstrategien i forvaltningsplanar har prioritet 2.

Resultata frå sårbarheitsanalysane viser at det hastar med å gjera tiltak for å ivareta verneføremålet i fleire av område. Desse områda har i tillegg vore oppe til diskusjon i besøksstrategiarbeidet. Det har kome innspel frå grunneigarar og grendalag om at det er



naudsynt med tiltak. Det er difor prioritert å sette i gang tiltak i nokon område, sjølv om besøksstrategien ikkje er godkjent. Følgjande tiltaksområde er føreslått prioritert;

Istandsetting av bålplassar: Legge betre til rette bålplassane langs fjorden for å førebyggja tilgrising av innmarka og strendene.

Postvegen Bleiklindi – Styvi: Utbetring av stien på punkt der steinmuren er i ferd med å rase ut. Steinsetting/klopper på stien opp til fossen på Oddnes.

Tilrettelegging på sti Hjølmo-Vassete: Stien som er ein buføreveg til Vassete, går gjennom eit myrområde som er registrert som viktig naturtype – myr (Naturbase 17.11.17). Det har vore ein stor auke i ferdsel på denne stien siste åra, og det er stor slitasje på myrområdet. Dette tiltaket er difor prioritert for å ta vare på verneverdiane.

Sti Slettedalen – Bakkanosi: I dette området er det gjennomført sårbarheitsanalyse. Området har aukande besøk, og det er difor naudsynt å planlegge tiltak for styring av ferdsel.

Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggjast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

På bakgrunn av forvaltningsplan, tiltaksplan for 2016-2020 og skjøtelsplanar i verneområde i Nærøyfjorden, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg forvaltar fram følgjande innspel til tiltaksplan og behov for tiltaksmidlar for 2018, og bestilling av SNO-personell i 2018:

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigarar	285 000	
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigarar	102 000	
Skjøtsel kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar, Hjølmo, Skogane, Nåli, Stokko, Fronnes	Grunneigarar, SNO	78 000	
Skjøtsel og vedlikehald av stiar i Undredal, Dyrdal, Bakka, Fresvik	Grunneigarar, grendalag	95 000	
Planlegging av informasjonstiltak i og i tilknytning til verneområda	Grunneigarar, SNO, verdsarvparken	60 000	
Istandsetting av bålplassar langs fjorden	Grunneigarar, SNO	20 000	
Restaurering av postvegen Bleiklindi-Styvi	SNO, tenestekjøp	80 000	
Tiltak på sti Hjølmo -Vassete	SNO, tenestekjøp	70 000	
Planlegging og utføring av tiltak på sti Slettedalen - Bakkanosi	SNO, tenestekjøp	50 000	
Vedlikehald på stien Dyrdal – Skogane – Salthella – Dyrdal	SNO, verdsarvparken	30 000	
Sum		590 000	



Bestilling personalressurs SNO 2018	Dagsverk
Oppfølging dispensasjonssaker jf. styrevedtak	8
Fartskontroll motorferdsel, område med fartsreduksjon i Nærøfjorden	4
Tilsyn målepunkt for erosjonsskade i verneområde i Nærøfjorden og Aurlandsfjorden	1
Tilsyn ilandstigingsplassar langs fjorden	10
Tilsyn verneskilt	3
Oppfølging av tenestekjøpsavtalar jf. skjøtelsplanar	5
Jamleg skjøtsel på postvegen Bleiklindi - Styvi	3
Rydding av skog rundt kulturminne Bleiklindi	1
Delta i prosjekt Brekkestien	8
Delta i prioriterte stiprojekt; Vassete, Slettedalen, Dyrdal - Skogane	2
Registrering av kulturminne ved smelting av isbreane	1
Registrera Urvalmue i Bleia naturreservat	1
Kartlegga forynging av gran i Nordheimsdalen	1
Kartlegga mispel og andre svartelista artar, Flåm og Undredal	1
Delta på styremøte/FRU-møte	4
Delta på innsamling av data om naturtilstand i samband med besøksstrategi	4



Arkivsaksnr: 2014/45-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 16.11.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	42/17	30.11.2017

Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styre 2018

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamleg møte i 2018 for å arbeide vidare med forvaltningstiltak, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte
Mai:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Juni:	Styremøte med synfaring/overnatting
Sept:	Styremøte/besøksstrategi
Okt:	Styremøte/
Nov./Des:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 12. januar 2018.

Saksopplysningar

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). I 2016 hadde verneområdestyret 6 møte, og i 2017 har styret hatt 9 møter. Nokon av møta har vore gjennomført på telefon eller e-post.

Miljødirektoratet løyvde kr 200 000,- til drifta av Nærøyfjorden verneområdestyre for 2017, og kr. 15 000 til kunnskapsinnhenting i samband med besøksstrategiarbeidet. Etter styremøtet 30. november reknar forvaltar med at det meste av midlane er brukt.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 16.11.17 vert verneområdestyret invitert til å søkje om midlar til drift for neste år. I brevet står det:

Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes



opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.

Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter).

(...) Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke.

Forvaltar legg fram framlegg til budsjett for drift av styret og forvaltningsplanarbeidet under møtet. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 12. januar 2018.

Vurdering

Styret er interessert i å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i landskapsvernområdet. Styret bør få til minst eit slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen, kanskje to. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september/oktober, avhengig av mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni. Det er lagt inn i planen ekstra møte i samband med prosessen med besøksstrategi.

Det tek tid å komme seg inn i landskapsvernområda og naturreservata. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, eller det er mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne få til ein lenger tur i området. I 2017 hadde styret to-dagars møte med synfaring i Nærøyfjorden og på Stigen, med overnatting og møte på Stigen.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i mars og i november/ desember. I mars er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for nest år.